



Frå informasjonssamlinga for aktuelle aspirantar i mars. (Foto: Thor Inge Døssland)

Musikkskulerektor Rolf Lothe kan melda til uskedalen.no at det er svært god søknad på aspirantopplæring til skulekorpset i Uskedalen.

Då søknadsfristen gjekk ut, var det 8 som hadde aspirantopplæringa på messinginstrument som førsteval. I tillegg var det og søkjarar som hadde aspirantopplæring som andre val. Dette er det høgaste talet som har vore sidan rekordåret 2001.

For to år sidan var det berre ein søkjar og han måtte reise til Rosendal for å nytta seg av tilbodet.

Dei åtte som har aspirantopplæring på messinginstrument som førsteval er: Karsten Andre Haugland, Veslemøy Haugland, Anine Enes, Frida Nybakk, Joakim L. Myklebust, Martin Y. Røssland, Merete Myklebust og Ann Helen Rød.

- Dette er kjempepositivt for rekrutteringa til korpset. Det er og viktig for at vi skal behalda dette musikkskuletilbodet i bygda, seier Thor Inge Døssland.

Av Ola Matti Mathisen